

Gunnar Skirbekk: Religion i moderne samfunn

Lærarane sin dag, UiB, fredag 26.01.2024 Auditorium Q, kl. 11-12

BAKGRUNN

Tredje-generasjon lærar; undervist 19-åringar i filosofi ved UiB i mange år; svigerdotter som underviser i religion og etikk på vidaregåande, har sjølv deltatt i undervisninga.

Professor i vitenskapsfilosofi, ved Filosofisk institutt og Senter for vitenskapsteori. Langvarig interesse for religion, frå den første boka, *Nihilisme?*, 1958, til den siste, *Religion i moderne samfunn*, 2021 (engelsk utg., 2023). Om religion, også i *Filosofihistorie*, første versjon 1970, siste utg. 2007; ligg m.a. føre på dei tre hovudspråka for islam: tyrkisk (2004), arabisk (2012) og iransk (2023).

NB send epost til gunnar.skirbekk@uib.no dersom du vil ha denne PP digitalt!

'RELIGION'? – T₀ (jf Arne Næss, *ELE*, til ex.phil.)

Religion i dag, er så mangt: éin gud, fleire gudar, ingen gud; god gud, vond gud, både-og; gode og vonde makter av ymse slag; heksetru og djevledyrking, gammal og ny; etc.

Implikasjon: må 'tolke og presisere'! (Arne Næss)

Implikasjon: ikkje alt som blir kalla 'religion', fortener spesiell respekt! Eller spesielt juridisk vern! Eller spesiell økonomisk støtte!

Pedagogisk poeng: 'forstå' versus 'akseptere'!

Pedagogisk poeng: 'lære om' versus 'lære av' (men, kan 'lære av', t.d. Platon, eller Descartes; utan å 'bli' platonikar, eller kartesianar)

SKRIFTBASERTE MONOTEISTISKE RELIGIONAR

Enkle standardversjonar av jødedom, kristendom og islam

Pedagogisk råd: behandle dei tre samtidig og komparativt

MONOTEISME: éin Gud

Som er: allmektig, allvitande, allgod

(som er skapar, lovgjevar, dommar)

Det vondes problem: Kor kjem då det vonde i verda ifrå?

- Menneskets frie vilje
- Straff for menneskelege synder
- Preventive tiltak
- Ikkje vondt, om vi ser det i ein større samanheng

Theodice (Leibniz) – men problematisk overfor store lidingar (jf jordskjelvet i Lisboa i 1755; Voltaires *Candide*). Kor var Guds reddande hand i Auschwitz?

- Gud tyrannisk > mono-teisme slår om i mono-satanisme; **utilsikta blasfemi**
- Gud dåreaktig > tilsvarande (utilsikta blasfemi?)
- Gud fjern > t.d. Hans Jonas: Gud (Jahve) er ikkje allmektig (treng vår hjelp); theodice, etter Auschwitz

GAMLE SKRIFTER

GT, om lag 3000 til 2000 år

NT, nær på 2000 år

Koranen, om lag 1400 år

Kor relevante er dei i dag, i moderne samfunn?

MODERNE SAMFUNN? – T_0

- T_1 , globaliserte teknologibasert kapitalisme
- T_2 , individualisme versus tradisjon

Her, moderne samfunn T_3 : **vitskapsbasert, institusjonelt differensiert, med komplekse og omfattende kriser**

Vitskapsbasert; moderne samfunn er gjennomsyra av vitskap
(tankeeksperiment: tenk vekk alt som er vitskapsrelatert i eit moderne samfunn, kva blir igjen?)

Vitskap, ikkje som 'Guds auge', som ser alle ting frå alle sider samtidig; men **ulike** vitskapar, ulike typar ekspertise, kvar med sine begrep og perspektiv. (Fritt etter Gudmund Hernes: 'det er to ting ein student skal lære: ein modell, og at modellen ikkje er realiteten!')

Dessutan (jf John Stuart Mill), vi kan ikkje hevde å ha rett i ei sak, og samtidig nekte å sjå på **motargument**! (prøv sjølv!)

Moderne vitskap er **argumentativ** (jf doktordisputas, i alle fag), og open for motargument og alternative tilnærmingar. **Ikkje argumentofob, ikkje fåfagleg!**

Institusjonelt differensiert; Moderne samfunn er institusjonelt differensierte. T.d. stat, marknad, kultur (jf Max Weber).

- **Rettsstat;** skilje mellom privatsfære og offentlege roller: t.d., som medlem av offentlege utval for tildeling av knappe gode til barn og unge (t.d. studieplass eller rask medisinsk behandling), skal vi **behandle alle likt**, ut frå gitte kriterie; onkelens barn skal ikkje behandlast annleis enn andre barn. Noko anna ville vere nepotisme, og korrupsjon, som vil bryte ned rettsstaten om det blir vanleg. Men i privatsfæren behandlar vi eigne barn annleis enn andre. Kort sagt, det finst '**institusjonskonstitutive**' normer for korrekt åtferd. (I tillegg til etiske, moralske og juridiske normer har vi institusjonsnødvendige normer.)

- **Demokrati**; forutset, og krev, rimeleg opplyste samfunnsborgarar. Alle velfungerande moderne demokrati har **skuleplikt** og **velfungerande grunnutdanning for alle**, ikkje berre med tanke på yrkesutøving, men med tanke på rolla som myndig samfunnsborgar, med røysterett og rett til å ta del i det politiske liv; med-makt inneber eit visst med-ansvar, for myndige statsborgarar, om sjølv å halde seg rimeleg oppdatert, alt etter ressursar og føresetnader.

- **Nordisk velferdsstat**; forutset, og krev, rimeleg omfordeling av sosio-økonomiske ressursar, i tillegg til rimelege lover for arbeidsliv og familieliv (jf Castberg), som igjen krev rimeleg organisering av arbeidsliv og samfunnsliv, og igjen, ein rimeleg grad av folkeopplysning og god grunnutdanning til alle (slik som i Norden)

Dessutan, ulike vitskapar, ulike former for ekspertise, inngår i **ulike institusjonar** med ulike **roller**, med ulike krav til kompetanse, ulike yrkesnormer, og forskjellige **yrkesbaserte identitetar**. T.d., kirurg versus pasient; dommar versus lekfolk; lærar versus elev; trafikkpoliti versus trafikant; konduktør versus passasjer; etc.

I vitskapsbaserte og institusjonelt differensierte samfunn går vi såleis inn og ut av ulike institusjonar, med ulike roller og identitetar. I så måte har vi ikkje berre **éin identitet**, men **mange**. Den som ikkje har fått med seg dette, men insisterer på berre éin altovergripande identitet, gjerne av religiøs eller etnisk art, den har ikkje fått med seg kva det er å leve i eit moderne institusjonelt differensierte samfunn, og utgjer dermed ein anomali i slike samfunn.

Noko er **felles, for alle moderne samfunn**, men **noko varierer** – ut frå ulike naturgitte føresetnader, ulike klassekonstellasjonar, ulike historiske læringsprosessar.

Såleis kan vi tale om modernitet meir allment, men også om mange modernitetar, '**multiple modernities**' (jf t.d. GS, *Norsk og moderne*, 2010; engelsk versjon, *Multiple Modernities. A Tale of Scandinavian Experiences*, 2011; Jørn Øyrehagen Sunde, *Kongen, lova og landet*, 2023, om landslova frå 1274 og overgangen frå ættesamfunn til lovbasert stat)

Pedagogisk råd: viktig å drøfte kva 'moderne samfunn' utgjer, og krev, meir **allment**; men også viktig å fokusere på **ulike** former for moderne samfunn; t.d. nordiske tillitsbaserte rettsstatar og velferdsstatar, med folkeopplysning og sjølvorganisering (frå haugianarane til kvinnene som organiserte si eiga folkeavrøysting i 1905, før mobilen, i eit langstrakt land, og med eit oppmøte som nærma seg det mannlege oppmøtet).

Og 'the West' er ikkje eins; det er eit viktig poeng, i vår tid. (Jf det hyperaktuelle verket av Åsmund Olavsson Vinje: *A Norseman's View of Britain and the British*, 1863, som synleg-gjer grunnleggande skilnader mellom det britiske og skandinaviske samfunn. Mine merknader, *Klassekampen* på 200-årsdagen, 6. april 2018.)

Spørsmål: i kva forstand kan gamle skrifter vere **relevante** med tanke på moderne vitenskapsbaserte og institusjonelt differensierte samfunn i krise?

Vitenskapsbasert; alle vitenskapar (også samfunnskritiske og kulturkritiske), sjølvkritiske og argumenterende (open for motargument og alternative perspektiv): derfor, mangt av det som står i dei gamle skriftene held ikkje mål. Somt er tøv, t.d. at Noah vart godt over 900 år. Og så er det alt det som manglar, som det ikkje står noko om, slik som utfordringar relatert til moderne vitenskap og vitenskapsbasert teknologi. Her er det ingenting å hente, i skrifter som er frå 3000 til 1400 år gamle.

Institusjonelt differensiert; med ulike institusjonskonstitutive roller og identitetar. Dette manglar, rimeleg nok – i desse urgamle skriftene.

Naturelaterte kriser, som samtidig er knytte til sviktande institusjonar og vitskapsrelaterte utfordringar: Også her er det lite å hente, i gamle skrifter. Vel, vi kunne framheve eit skriftbasert ansvar for skaparverket. Men så har vi dei, ut frå Gamletestamentet, som med håp i blikket ser fram til Armageddon og verdas undergang, i påvente av Kristi tilbakekomst og kristning av jødefolket. Økokrise og atomkrig vil då te seg i eit tvitydig perspektiv.

Dessutan, det finst **ulike heilage skrifter**. Korleis kan ein **vere sikker på at 'mine skrifter' er dei rette**, og ikkje nokon av dei andre? (Og dessutan, at mine tolkingar er dei rette?) Då må ein gje gode grunnar, og det er ikkje så lett.

Men er det så viktig? Vi kan jo **tru**, utan å vite! Tja, men dersom handlingane våre, baserte på desse skriftene, fører til liding og stor skade for andre personar, så bør vi vel vere rimeleg sikre i vår sak, før vi går til slike handlingar?

Burde ein ikkje vere rimeleg sikker i si sak, når ein av religiøs overtyding for eksempel kuttar over halsen på ein lærar på open gate – slik det hende med Samuel Paty. Eller når læraren vart stukken ned, på skulen, slik det hende med Dominique Bernard?

Eller, når ein som Daniella Weiss (og den israelske finansministeren og sikkerheitsministeren) meiner at gamle skrifter, som dei 'trur på', gir dei rett til å fordrive palestinarane frå Gaza og Vestbanken, utan omsyn til liding og død som blir påført sivile, kvinner og barn. (Jf NRK, ved Yama Wolasmal, Dagsrevyen 7.1.2023.)

Konklusjon: i moderne vitskapsbaserte samfunn bør vi **avstå frå** ekstreme og brutale handlingar som på ein eller annan måte er **inspirert av gamle skrifter.**

RELIGION I MODERNE SAMFUNN – POSITIVE SIDER

Religion kan ha **sosial-integrativ kraft**, og skape samhald (jf Habermas, *Auch eine Geschichte der Philosophie*, 2019).

Ja, men **berre under gitte vilkår**, t.d. gunstige klassekonstellasjonar (jf Ahmet Kuru, *Islam, Authoritarianism, and Underdevelopment*, 2019),

og i vår tid, **berre** når religion er **vel tilpassa dei vitskapsrelaterte og institusjonelle fordringane i moderne samfunn i alvorlege kriser av mange slag** (jf Skirbekk, *Religion i moderne samfunn*, 2021, engelsk versjon 2023).

I ei moderne verd i krise er det viktig å prøve å **forstå kvarandre**. Men personleg hadde eg gjerne sett meir av dette:

- **Undring**, eksistensielt og kosmologisk (jf Obstfelder; og Wittgenstein: 'Ikkje korleis verda er, er det mystiske, men at ho er', *Philosophische Untersuchungen*, 6.44)
- **Teologi**, som hos Thomas Aquinas eller Hans Jonas (fagleg seriøs teologi er ikkje for alle, men elevane bør vite at det finst)
- **Religiøst språk**, ritual og song – som målber respekt og omsorg for sårbart liv

Veltilpassa religion, i moderne samfunn?

Vil nok vere her, så lenge vi er her.